

# Kravspesifikasjon trafikk- og vindanalyse for Andenes

## Innhald

Mål for oppdraget .....	1
Bakgrunn for oppdraget .....	1
Oppdraget, nærmere spesifisering .....	2
Kilder og metoder .....	4
Gjennomføring .....	5
Leveransen .....	5
Krav til utforming og innhold i tilbudet .....	5
Forutsetninger .....	6

## Mål for oppdraget

Målet for oppdraget er å gi Andøy kommune brei kunnskap om trafikkforholda på Andenes gjennom ein trafikkanalyse og en forståing av vindens påverking på uteromma i sentrum gjennom ein vindanalyse.

Analysane skal danne ein del av kunnskapsgrunnlaget for arbeidet med ny sentrumsplan for Andenes.

## Bakgrunn for oppdraget


Det er bestemt at det skal utarbeidast ein ny sentrumsplan for Andenes. Resultatet av arbeidet vil være en områdeplan for sentrum. Analysane det blir bedt om i dette oppdraget vil bli brukt inn i arbeidet med planen.

I kommuneplanens samfunnsdel 2018-2030 er det et mål at Andøy kommune skal ha attraktive og funksjonelle tettstader. Det står blant anna at *«I fremtiden vil det etterspørres tettsteder med både grønne og urbane kvaliteter. Som kommunesenter er det viktig at Andenes utvikles i en retning som tilfredsstiller disse behovene. Derfor vil en egen sentrumsplan for Andenes påbegynnes i løpet av 2020. Det vil være viktig å sikre arealer som kan skape attraktive møteplasser, utearealer og byrom. I tillegg vil vern av arealer som bidrar til positive opplevelser av sentrum og stedsidentiteten være en ressurs for utvikling av et attraktivt kommunesenter.»*

## Om analyseområdet

Andenes er administrasjonssenteret i Andøy kommune. Det er ein tettstad med omlag 2500 innbyggjarar og har ein utstrekning på omlag 1,8 km<sup>2</sup>. Tettstaden er plassert på nordspissen av Andøya og strekk seg vestover langs kysten til Toften. Andøya lufthamn og Andøya flystasjon ligg på austkysten, like sør for tettstaden.

Andenes sentrum er relativt tett bygd med private bustader i kvartalsstruktur. Bygningane har gjennomsnittleg to etasjar. I dag er ligg fartsgrensa i Andenes nord på 50 km/t, men det er vedtatt at det skal bli endra til 30 km/t i sidegater til fylkesveg 82. Storgata vil fortsatt ha 50 km/t.



## Oppdraget, nærmare spesifikasjon

Problemstillingar som skal bli belyst:

### Trafikkanalyse

Planområdet for trafikkanalysen vil være Andenes sentrum og vidare til krysset mellom Bleiksveien og fv 82. Kommunen har behov for ein trafikkanalyse som skildrar dagens forhold, behov og manglar, samt moglege tiltak for framtida, basert på kjente prognoser og utviklingsprosjekt. Formålet med analysen er å fastsette en strategi for veg- og parkeringsareal i Andenes sentrum.

Kommunens mål:

- Forbetre situasjonen for mjuke trafikantar; både syklistar og fotgjengarar
- Redusere vegbredder og antall kommunale veger i sentrum
- Møte framtidig behov for parkering og rydde opp i eksisterande parkeringssituasjon

Det er fleire store planar for Andenes sentrum som kjem til å endre trafikksituasjonen og behovet for parkeringsplassar framover. Framtidige planar analysen må ta for seg:

- The Whale med auka trafikk og parkeringsbehov
- Utbygging av Andenes hamn med auka kapasitet
- Nye omsorgsbustader i Storgata 73

Kravspesifikasjon –analyse for Andenes

- Generell auking av turistar
- Ny fleiravdelingsbarnehage på ukjent lokasjon
- Vedtatt plan for trafikkisikkerheit
- Ny brannstasjon på Prærien – Andenes brannstasjon



Figur 1 Planområde for trafikkanalysen

## Vindanalyse

Planområdet for vindanalysen vil være Andenes nord, frå idrettsplassen og nordover til Andenes hamn.

Andenes plassering ut mot havgapet nord i Noreg gir mykje vær og vind. Dette er det viktig å ta omsyn til når det skal planleggast for nye uterom i sentrum. Kommunen har derfor behov for ein vindanalyse for å kartlegge kva for uterom som er ekstra utsett for vind, og kva områder som er meir skjerma.

Det er ønskeleg at analysen baserer seg på 3D vindsimuleringar og tar for seg vindstraumar i forbindelse med bygningsmassar og topografi. I tillegg til at analysen tar for seg herskande vindretningar, ønsker vi at den også tar for seg ein situasjon der vinden kjem frå nordaust. Analysen skal dele inn områder ut i frå internasjonale vindkomfortklasser. Ut i frå analysane har kommunen behov for at det blir gitt råd om vindskjermingstiltak for utvalde områder.



Figur 2 Planområde for vindanalysen

## Kilder og metoder

### Kilder

Det er fleire viktige kjelder til informasjon.

Følgande dokumentasjon er tilgjengeleg frå oppdragsgivar:

- Kommuneplanens arealdel
- Kommuneplanens samfunnsdel
- Reguleringsplan for The Whale, inkludert avgrensa trafikkanalyse
- Reguleringsplan for Andenes hamn, inkludert trafikkanalyse
- Reguleringsplan for RV82 Miljøgate/Storgata
- Detaljregulering Kongshaugveien Andenes
- Varsel om planoppstart for nye omsorgsbustader i Andenes
- Varsel om planoppstart for Prærien – Andenes brannstasjon
- Kartgrunnlag i sosi-format
- Plan for trafiksikkerheit 2022-2025

### Metodar

Oppdraget blir forutsett å innehalde følgande element:

- Kvantitative analyser av offentleg statistikk og andre kvantitative data som kan gi relevant kunnskap for analysearbeidet.
- Modellering av trafikkflyt i dag og i framtida
- 3D vindsimuleringer

Det blir forventa at tilbyder utarbeider eit egna metodisk opplegg for konsulentoppdraget.

Kravspesifikasjon –analyse for Andenes

## Gjennomføring

### Milepæler:

- Det skal bli haldt eit oppstartsmøte etter kontraktsinngåing
- Det skal bli haldt jamleg kontakt med oppdragsgivar. Møtefrekvens blir avtalt i oppstartsmøtet.
- Utkast til sluttrapport: 15. februar 2023
- Endeleg sluttrapport: 1. mars 2023

Tilbyder skal på førespurnad kunne presentere foreløpige eller endelege resultat for oppdragsgivar.

Konsulentoppdraget vert igangsett umiddelbart etter at kontrakt er inngått.

## Leveransen

Leveransen skal innehalde:

- Rapport for trafikkanalysen som inneheld:
  - Skildring av dagens forhold, behov og manglar.
  - Moglege tiltak/scenario for framtida, basert på kjente prognoser og utviklingsprosjekt.
  - Anbefalingar inn mot sentrumsplanen.
- Rapport for vindanalysen som inneheld:
  - Overordna vurdering av bygningsvolumer og forventta vindforhold
  - Vindanalyse med bruk av 3D simuleringsverktøy
  - Behandling og tolkning av relevant vindstatistikk
  - Kartlegging av komfortklasser iht. internasjonal vindkomfortstandard
  - Rådgivning for arealbruk og trivselsområder basert på vindforhold
- Kart og kartskisser frå trafikk- og vindanalyse levert som PDF
- Kartfiler av trafikk- og vindanalyse som sosi-format/sosi-standard

## Krav til utforming og innhald i tilbodet

Tilbodet skal innehalde ferdig utfylt tilbodsbrief og prisskjema, samt skildring av leverandøren sine inntil 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 3 åra. Kortfatta CV til konsulentane som blir tilbydd skal også leggest ved.

Leverandørens svar på kravspesifikasjonen til oppdragsgivar skal innehalde følgande:

Kravspesifikasjon –analyse for Andenes

- Prosjektskisse som gjer greie for kva for metodar som er tenkt nytta i prosjektets ulike delar, og korleis desse metodane imøtekjem prosjektets formål. Det skal bli gjort greie for korleis arbeidet skal organiserast og korleis tilbyder vil innhente relevant data.
- Prosjektskissa skal innehalde ein tidsplan med milepæler der det blir gjort greie for kva oppgåver som vil bli utført i kva fasar. Det skal gå fram korleis oppdragsgivar vil bli heldt underretta om framdrifta.

Alle utgifter skal være inkludert i prislista.

Vi ønsker at det gis ein timepris på ekstra oppdrag/opsjon. Denne er kun vegleiane og vil ikkje vere med i tildelingskriteria.

### Føresetnader

Oppdragsgivar forbeheld seg retten til, utan økonomiske eller andre konsekvensar, å forkaste samlege tilbod etter reglane i forskrift om offentleg anskaffing.

Oppdragsgivar forbeheld seg retten til å avvise tilbod som ikkje er innanfor budsjett.

Kommunen betaler ikkje for reisetid.

Kommunen er tilgjengeleg for møter på teams. Det blir lagt opp til fysiske møter når konsulenten er i Andenes i forbindelse med synfaring og registreringar.

Oppdragsgivar forbeheld seg retten til å velje den løysninga/dei løysingane som samla sett gir best kvalitet og er mest økonomisk fordelaktig. Vekting framgår i konkurransegrunnlaget.